



Gløde AS  
Postboks 97  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1060 - 17/9737

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
12.05.2017

## Godkjenning - arealoverføring frå gbnr 22/158 til gbnr 22/188 på Mjåtveitflaten industriområde.

**Administrativt vedtak. Saknr: 133/2017**

**Tiltakshavar:** Gløde AS

**Søknadstype:** Søknad om arealoverføring, jf . plan- og bygningslova( pbl) § 20 - 1 bokstav m).

### Saksutgreiing:

#### Tiltak:

Gløde AS har søkt om løyve til arealoverføring av 30 m<sup>2</sup> frå gbnr. 22/159 til gbnr. 22/188. Gløde AS er heimelshavar av både gbnr 22/159 og 22/158. Då det er gbnr 22/158 som grensar til gbnr 22/188 tolkar administrasjonen søknaden til å gjelde arealoverføring frå gbnr 22/158 til 22/188.

Gbnr. 22/158 er matrikkelført som bergverk/industri og har eit areal på 705,2 m<sup>2</sup>. Gbnr 22/188 som det skal arealoverførast til, er også matrikkelført som bergverk/industri og har eit areal på 230,6 m<sup>2</sup>.

Arealet som er søkt overført er vist på vedlagte situasjonskart journalført 27.04.2017.

Administrasjonen viser elles til søknad journalført motteke 27.04.2017.

### Vurdering:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. I samsvar med plan- og bygningslova § 21-3 2. og 5. ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling.

#### Lov- og plangrunnlag:

Endring av eigedomsgrenser er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at tiltaket «*må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.*»

Den omsøkte eigedomen er regulert til næring/forretning/kontor i reguleringsplan for idustriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka , planid: 1256 1978 0310. Frådeling er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. pbl § 26-1.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Frådelinga har ingen innverknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

## **Vedtak**

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 første ledd bokstav m) løyve til overføring av areal frå gbnr. 22/158 til gbnr. 22/188 i samsvar med vedlagte situasjonskart.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9».

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vart kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

22-158

## **Mottakere:**

Gløde AS

Postboks 97

5906

FREKHAUG